

(4)

Med returbillett til Kaprolat

Ferdig med ei fortid

Arvid Edmunda Rasmussen
107392

Utpå sommaren og hausten 1944 fall bombene frå alberte fly tett og nådeløst over byen Stettin. I ei av sjukestovene ligg ein 16-åring gammel norsk ungdom og følgjer flykroppane med augo. I gatene under han spring kvinner og barn panisk omkring på jakt etter gøymestad. Rop og jammer trengjer inn gjennom vindauga, som hjelpelause bønner om fred og nåde.

Den unge nordmannen reagerer knapt på bombe-regnet. For han er eld og brå daude blitt ein del av kvardagen. Eit halvt år som soldat under Hitlers fane, langt inne i øydemarka i den russiske Karelen, hadde herda den unge kroppen.

Av og til let han tankane vende attende til den lukkelege barndomen på nordvestlandet. Han ser seg sjølv som 15-åring stå framfor nokre bilete i Oslo, fast bestemt på å kjempe med alle midlar mot ein kommunisme som er skuld i all vondskapen i verda. Og han minnest den strenge disiplinen i Halain ved Salzburg, då tyske offiserar skulle gjere elitesoldatar av norske bondegutar på kortast mogleg tid.

Resten er meir eller mindre fortrent som ein vond draum han ein gong skal vakne opp frå. Som i tåke ser han menneskerestar og han høyrer dei hese «hurree»-skrika frå digre skuggar som stadig kjem nærmare. Han kjenner smertene jage gjennom heile kroppen, idet han dleine dreg seg fram mellom trestammene, med berre ein tanke i hovudet: Eg vil ikkje gje meg ... eg vil ikkje gje meg ...

Og han kjenner varmen då dei skitne skjorteflaka han har knytt kring armen for å stoppe blodet, vort bytt ut med skinande kvite bind av kyndige hender.

Så kjem nye fly sigande med den dødbringande lasta si.

HELGE ARILD BOLSTAD

– Det er rart, men krigen gjer bss på mange måtar truskludige. Der lag eg nede i Stettin og høyde bombene slå ned og tykte, det var fælt at vestmaktene let dei falle over uskuldelege kvinner og born. Det fall meg aldri inn at det tyske Luftwaffe kunne gjere det same. Dei ville konsentrere seg om militære og industrielle mål og ta alle omsyn til sivilfolket.

– Det trur du ikkje i dag?
– Nei, det trur eg ikkje. I dag veit eg betre. Krigen er aldri selektiv. Det kan han ikkje vere.

– Du sa tidligere i samtalen at du ikkje såg på russarane som menneske på linje med oss andre europearar. Kva seier du i dag?

– Det synet fekk ein sprekk lenge for krigen var slutt. Under permisjonane mine der inne i Sovjetsamveldet, kom eg fleire gonger i kontakt med russiske krigsfanger, og eg fekk lære nokre av dei godt å kjenne. Då oppgav du snart at dei er som oss. Dei lengta heim til sitt land, som eg gjorde det til mitt. Kjenslene kjenner ikkje landegrensar. Etter desse vitjingane sat eg att med eit heilt anna inntrykk av fienden, enn då eg melde meg for å få slutt på eit påstått barbari der borte på dei digre kontinentet.

19-åringen «Åsmund» er blitt 49. 33 år måtte gå for han greidd å stå fram og fortelje frå livet sitt før, under og etter krigen. Lågmalt og utan store fakter har han gjort greie for motiva sine og kva som fekk han til å dra konklusjonar stikk i strid med dei storparten av landsmennene hans gjorde i 1940. No bed vi han fortelle litt om korleis han har opplevd etterkrigstida i det landet han ein gong vende ryggen.

– Etter fire månader på sjukehuset i Stettin, fekk eg reise heim i desember 1944. Nyårskvelden feira eg i Oslo, før eg vende heim i januar. Eg var framleis arbeidsdyktig og måtte gå jamnt til legekontroll med den skadde foten og med ein pleuritt eg hadde pådrøge meg i Karelen.

– Var du på den tida klar over at det gjekk mot slutten av krigen?

– Nei, eg trur ikkje eg var rettelleg klar over det. Eller kanskje det var slik at eg inst inne visste det, men at eg likevel ikkje ville innstige det. Eg veit ikkje sikkert.

– Du gjekk ikkje og tenkte på kva som ville skje om dei allierte vann krigen?

– Nei. Eg hadde aldri noko skuldskjensle. Eg meinte eg hadde gjort det som rett var, og tenkte difor heller aldri på konsekvensane.

– Prøvde du på noko tidspunkt å unndra deg straff då mai kom, og det måtte vere klart for alle at Tyskland hadde tapt krigen?

– Nei. Eg trur ikkje det var nokon av oss som på eine eller andre måten ønskte å flykte frå fortida var. Vi var sterkt samansveisa, hjelpete kvarandre på godt vi kunne, og tok den straffa vi fekk.

– Korleis opplevde du arrestasjonen?

– Den var udramatisk. Det som forundra meg var at folk i heimbyen som eg positivt visste hadde drive tuskhandel med tyskarane, no kom fram med flagget på armen. Det var total omveltning som fann stad 8. mai.

– Kva dom fekk du?

– Eg fekk 7 månader i ein interneringsleir i heimbyen. Denne leiren var bygd av tyskarane og var blitt brukt til polske krigsfanger. Det var dei underlegaste rykta som gjekk om staden. Mellom anna skulle det vere gass-kammer der. Men då vi kom dit, fann vi reine og fine rom og med innlagt vatn.

– Korleis var vaktene?

– Dei var fine. Vi vart snart gode vener med dei alle. Mange var då også gamle kjente av oss frå før.

– Du vil med andre ord ikkje klage på handsaminga?

– Nei. I byrjinga gjekk det kanskje litt hardhendt for seg. Men for mitt vedkomande skal eg slett ikkje klage. Andre veit eg fekk det verre, ikkje minst på den økonomiske sida. Vi vart som kjent fråtekne alt vi åtte.

– Det var neppe store tapet for ein 16-åring?

– Nei. Men eg hugsar at eg per-



Norske frontkjemparar på veg frå Fornebu under krigen.

(Foto: NTB)

Det var omlag 15.000 nordmenn som melde seg frivillig til krigstene for Hitler fra 1940 til 45. Av desse kom halvparten til fronten.

I ein serie artiklar fortel ein av dei som melde seg til teneste på austfronten som 16-åring, om kvifor han var viljug til å ofre livet på denne slagmarka langt heimelra.

Artikkelserien er ein reprise frå DT sommaren 1977. Då fortalde ein overlevande frå Kaprolat for første gong kva som hende, den dagen russarane storma støttepunktet langt inne i den russiske nord-Karelen.

I «DT-reprisen» prentar Dag og Tid om att artiklar og artikkelseriar som ei teneste for nye vener av bladet.

sonleg reagerte sterkt på dette. Eg var kjent i byen, og vart ikkje så lite oppsett på det. Eg såg at frontkjemparar som hadde spara seg opp litt pengar gjennom mange år, vart fråtekne desse, medan andre som hadde tent seg rike på tyskarane, fekk ha rikdomen sin i fred.

– Korleis var det å kome ut att fra fangenskapen og oppleve eit nytt kvardags-Noreg?

– Det var ikkje heilt enkelt for alle. Ein kunne lett støyte på problem, der andre nordmenn ingen vanskar hadde. Det kjendest i alle fall slik for ein stor del av frontkjemparane den første tida. Men etter kvart vart det lettare. Eg er glad for å kunne seie at dei aller fleste av oss har greidd oss bra, både økonomisk og sosialt.

– Sjølv var du bare skuleguten då du melde deg til teneste på austfronten. Korleis greidd du å tilpasse deg etter endt soning?

– Eg fekk all mogleg hjelp, slik at eg kunne kome på yrkesskule. Etter endt skulegang, dreiv eg eigen verkstad i 16 år og gjorde det tolleg godt. Men litt etter kvart fekk eg store psykiske vanskar. Maskinane på verkstaden hadde ein rar innverknad på kroppen min. Eg fekk rett og slett nerver, fordi maskinduren og slag med mekanisk reiskap, i stadig sterkare grad pensa tankane mine inn på skyting med kanonar. Alle vonde hendingar under krigen vart på denne måten levande gjorde.

Etter ein tid som rekonvalesent, fekk eg tilbod om å omskolere meg. Eg fekk nett dei same vilkåra og den same hjelpa som alle andre nordmenn. I dag har eg eit yrke som rett nok ikkje meg den heilt store innkoma, men som eg trivst i og som gjev meg mange andre gleder. I tillegg har eg medvite tenast opp kroppen min og eg har engasjert meg i idrettsrørsla. Det er mange av oss på austfronten som etter krigen har drive aktiv idrett nettopp for å unngå å falle saman når depresjonane kom.

– Du står anonymt fram i dette intervjuet. Er det vanskeleg for deg å vedgå andsynes andre at du har ei fortid i Den Norske Skjogerbataljonen?

– Når eg ikkje vil stå fram under rett navn, kjem det av at eg har ein litt

utsett posisjon både i yrke og i hoby. Ein annan ting er at eg aldri har lagt skjul på fortida mi andsynes nye vener og arbeidsgjevarar. Heller ikkje andsynes den nye familien eg stifta etter krigen. Borna mine veit om bakgrunnen min, men vi har aldri snakka særleg mykje om det. Dei har aldri spurt meg noko vidare heller.

– Finst det nokon organisasjon av gamle frontkjemparar i Noreg i dag?

– Nei. Men det finst ein del ein-skildpersonar som framleis driv eit stort hjelpearbeid for vanskeleg stilt kameratar og familiar etter falne kameratar. Det er eit heilt privatregulert hjelpearbeid.

– Korleis går det føre seg?

– Det går kort og godt ut på at dei som har greidd seg bra økonomisk, gjev litt pengar, som uavkorta går til dei av oss som treng det. Eg sjølv er ein av dei som har fått hjelp derfrå. Og om summen ikkje har vore så stor, så har han alltid vore velkommen.

– Det er blitt avslørt i pressa at menn med fortid på austfronten har samla seg til løyndemøte. Kva gar føre seg på desse?

– Det veit eg sant å seie ikkje. Sjølv har eg aldri delteke på slike. Eg fekk først kjennskap til dei gjennom avisene. Sa vidt eg forstår er det folk fra «Viking» og «Nordland» som har vore samla.

Ein annan ting er at eg ikkje finn dette så merkeleg. Det gjeld trass alt gamle vener som har kjempa og lidd

skulder ved skulder i ein kamp der alle måtte lite på alle. At desse som no er spreidd for alle vindar kjem saman ein og annan gong for å prate og halde venskapen ved like, skal vere så interessant forstår eg ærlig talt ikkje.

– Det vert ymta fram på om skumle foremål?

– Det trur eg ikkje. Vi må kome i hug at dette er menneske som er på full fart inn i alderdommen. Trass i at eg var mellom dei yngste på austfronten, er eg i dag blitt ein mann på snart 50 år. At vi skulle gå med skumle planar, er rett og slett urimeleg.

– Men det er vel neppe rart at folk klok av skade fryktar nazismen?

– Det forstår eg. Eg har heller aldri rekna meg som nazist. Eg var aldri med i Nasjonal Samling, og det var mange av oss som kjempa på austfronten som aldri det var. Vi var der for å kjempe mot kommunismen. Vi hadde ei overtyding vi som reiste dit, som dei hadde det som drog til England. Men det vil ikkje seie det same at ideologien vår var nazistisk. Ein kan vere mot kommunismen, utan å vere for facisim.

– Du trur med andre ord ikkje at nynazistiske drag i samtida, appellerer til dei norske frontkjemparane?

– Naturlegvis kan eg ikkje svare for alle, fordi det er svært få eg har kontakt med i dag. Men reint impulsivt trur eg det ikkje. Sjølv har eg ikkje lese programmet til Blücher. Eg veit ikkje kva han står for.

– Kva parti program les du?

– Valet mitt kan vere hemmeleg, men eg kan rope så mykje at vi er tre av oss som har ein viss kontakt, og politisk er Arbeiderpartiet, Høgre og Kristelig Folkeparti da representerte.

– Tenkjer du ofte på kvar du personleg ville ha vore om Tyskland hadde vunne krigen?

– Nei. Eg er på ingen måte bitter, om det er slikt du siktar til. Eg er nøgd med tilværet slik det er. Eg trur ikkje eg hadde hatt det betre, om siste krigen hadde fått eit anna utfall.

– Innsar du med andre ord at det var galt det valet du gjorde i krigsara?

– Etter mi oppfatning den gongen, innstillinga mi og grunnlaget for at eg melde meg, må eg seie nei. Men etter norsk lov vart vi domde for å ha gjort urett og det bøygd vi oss sjølvstakt for. Og når vi no i 33 år har vore lovtidige borgarar og har gjort arbeidet vårt og skjøta familien vår, så må vi ha lov til å protestere når det vert hevda at frontkjemparane er aktive nynazistar.

Men eg vil også framheve at eg trur det er ein liten promille av det norske folket som meiner vi driv slik verksemd.

– Kva ønske har du for framtida?

– At dei oppfatningane vi fekk av kommunismen den gongen, ein gong i framtida vil syne seg var urett. DET er mitt viktigaste ønske.

SLUTT

Hoppar du bukk
over bladpengane
går du glipp av
mykje god lesnad

Hopp heller bukk over ei
anna rekning, men ikkje
straumrekninga for lese-
ljos det treng du.

